


ÅRSMELDING 2025 OS TURLAG

Os Turlag
Bergen og Hordaland Turlag



Organisasjonen

Styret

| | |
|-------------|-----------------------|
| Leiar | Inger Øydis Storebø |
| Nestleiar | Anne Veim Haugland |
| Kasserar | Jan Erik Bugge |
| Skrivar | Hallgjerd Boge |
| Styremedlem | Øystein Hjelle |
| Varamedlem | Arne Monsen |
| Varamedlem | Linda Lohne |
| Varamedlem | Grethe Flåten Steinum |

Valkomit 

Liv Ryland Olsen (leiar)
Inger Marie Rafdal
Kjersti S rensen Bugge

Revisor

Magne Brekke

Innleiing

Som i fjor – og året før – har også 2025 vore eit aktivt år for Os Turlag. Vi har klart å halde oppe det høge medlemstalet, noko vi kan takke alle dei frivillige for. Dei sikrar eit godt og variert tur- og aktivitetsprogram for alle aldersgrupper gjennom heile året

Vi både starta og avslutta året med eit brak. I januar opna vi Fantasiløypa på Liafjellet, noko som også samanfall med opninga av Friluftslivets år og Kom-deg-ut-dagen. Året vart avslutta med eit heilt nytt tiltak: båltreff i Mobergsviko på sjølvaste julafta. Heile 200 personar møtte opp, kjende på ei god fellesskapskjensle, varma seg ved båla og slo av ein prat over ein kopp kakao. Vi håpar og trur at dette blir eit fast innslag i åra som kjem.



I 2025 hadde vi 145 turar og arrangement registrerte i aktivitetssystemet vårt. I tillegg kjem aktivitetar som ikkje ligg i systemet, men vert kunngjorde via andre kanalar. Fjellsport har klatring fire gonger i veka med påmelding via Spond, medan Turboklubben i Lysefjorden legg ut alle turane sine på Facebook.

Dei fleste turane for 2025 vart planlagde allereie i oktober 2024 for å vere med i programbladet. På grunn av vår, sjukdom og anna vart det nokre endringar gjennom året, så det løner seg å følgje med på informasjonen som vert lagt ut både på nettsida vår og på Facebook. På framsida av nettsida, os.dnt.no, ligg aktivitetsskalenderen med oversikt over turane og arrangementa våre.

Gjennom året har vi hatt tre store arrangement: Opptur – eit tilbod til alle åttandeklassingane i kommunen – og Kom-deg-ut-dag i januar og august, som har barnefamiljar som målgruppe. I år fall den første kd-dagen saman med opninga av Friluftslivets år, og for Os Turlag vart dette også markeringa av opninga av Fantasiløypa på Liafjellet. Alle arrangementa var godt besøkte, og vi fekk berre gode tilbakemeldingar.

Deltakarane på Os Turlag sine turar skal kjenne seg velkomne og trygge når dei er med oss på tur. Difor deltek både nye og erfarne turleiarar på kurs. I år har vi hatt deltakarar på kurs i førstehjelp, livredning, turleiing, skred og klatring. Vi er stolte av dei nye turleiarane våre, og svært takksame for alle dei erfarne som bidrar år etter år og fyller på med ny kunnskap gjennom kurs. Vi kjem til å halde fram med å sende turleiarar og frivillige på kurs, for dei som ønskjer det.

Fyldige turreferat vert lagde ut på Facebook-sidene våre – følg oss gjerne der!

Medlemstal

| Medlemar 2025 | | | | | | | | | |
|---------------|----------|----------|----------|----------|----------|-----|-------------|-------------|---------------|
| 0-12 år | 13-18 år | 19-25 år | 26-40 år | 41-59 år | 60-66 år | 67+ | Totalt 2025 | Totalt 2024 | %-vis endring |
| 222 | 122 | 86 | 154 | 340 | 152 | 313 | 1389 | 1411 | -1,6 % |

I august 2025 hadde vi 1 389 medlemmar, mot 1 411 året før – ein liten nedgang på 1,6 %. Nedgangen kjem berre i aldersgruppa 0–12 år, der talet har gått ned med 14 %. I dei andre aldersgruppene ser vi derimot ein auke.

At vi klarar å halde oppe eit så høgt medlemstal, viser at vi har eit godt turprogram med aktivitetar som treffer alle aldersgrupper.

Dugnad

Den store aktiviteten i laget er takka vere alle dei frivillige som bidreg som turleiingar, deltek på dugnader på Høgabu, er med i Trivselsgruppa, har tilsyn med dagsturhytta, stiller opp på små og store arrangement som Opptur og Kom-deg-ut-dagen, eller hjelper til på kjøkkenet under medlemsmøte og årsmøte.

Kvart år melder vi inn omtrentleg tal på dugnadstimar utførte gjennom året til Bergen og Hordaland Turlag. I 2025 vart det registrert heile 6 300 dugnadstimar i Os Turlag. Det er imponerende arbeid – tusen takk til dykk alle!

Møteverksemd

Årsmøte 2024

Årsmøtet for 2024 vart halde i Os Eldresenter 5. februar 2024. I tillegg til dei vanlege årsmøtesakene heldt ordføraren i Bjørnafjorden kommune, Terje Søviknes, eit innlegg om «*Friluftslivets år – eit folkehelsearbeid i Bjørnafjorden kommune*».

Styremøte

Det har vore halde sju styremøte i 2025 og eitt i 2026.

Medlemsmøte

Medlemsmøtet vart arrangert i Eldresenteret 6. november, med om lag 60 frammøtte. Det vart informert om aktivitetane i turlaget, veksturen og programbladet. Eit alltid populært innslag på medlemsmøtet er trekninga av Bjørnafjordtrimmen. Det har vore eit aktivt turår for deltakarane i trimmen, og mange vart påskjøna med gavekort.

Etter pause og matserving kåserte Inge Kjell Holme om «*Bergensaren som forsvann i Jotunheimen, men opna fjellets gleder for mange*». Han fortalde den spesielle historia om Arentz og korleis denne fekk stor positiv innverknad på turlivet. Kvelden vart avslutta med utlodding av gavekort, trekte på inngangsloddet som alle hadde fått utdelt ved ankomst.

Utendingar til møter/samlinger

Os Turlag hadde to deltakarar på årsmøtet til DNT Fjellsport på Oppdal 27.–30. april, ein deltakar på landsmøtet i Stavanger 13.–14. juni, og ein deltakar på årets fellesmøte for alle lokallag i BHT. Fellesmøtet vart arrangert på Herdla 7.–9. november, med Askøy Turlag som vert.

Det er alltid inspirerende å delta på slike samlinger, møte nye folk og hente idear og motivasjon som ein tek med seg tilbake til lokallaget.

Kurs/samlinger

Os Turlag arrangerte fire eigne kurs i 2025, i tillegg til at fleire medlemar og frivillige deltok på ulike kurs i regi av Bergen og Hordaland Turlag.

Kurs i regi av Os Turlag

Os Turlag arrangerer årleg eit tre timars førstehjelpskurs i samarbeid med Os Røde Kors. I 2025 vart kurset halde 14. januar i lokala til Os Røde Kors i Kolskogen. Kurset gir nyttig opplæring i livreddande førstehjelp, mellom anna hjarte-lungeredning, bruk av hjartestartar, handtering av blødingar og korleis ein kan hjelpe ved bilulukker. Alle deltakarane fekk trene både på HLR og bruk av hjartestartar.

To kurs i grunnleggjande innandørs klatring vart gjennomført i 2025, eitt 25.–26. januar og eitt 4.–5. oktober. Kurset gir innføring i innandørs klatring, inkludert bevegelsesteknikk, sikringsteknikk og gode rutinar. Dei passar både for nybegynnarar og for dei som har litt erfaring og ønskjer å lære å klatre trygt. Etter kurset har deltakarane det dei treng for å ta brattkortprøva.

I oktober arrangerte vi to turleiarkurs:

- **16. oktober:** Ambassadørkurs på Frivillighetscentralen – første trinn i turleiarløypa og obligatorisk for alle turleiarar. Kurset gir innføring i DNT, kjerneoppgåver og verdier.
- **18.–19. oktober:** Grunnleggjande turleiarkurs (15 timar). Kurset tek for seg turleiarrolla, formidling, kart og orientering, bekledning, mat og drikke, turplanlegging og turkultur. Det meste av undervisninga føregår utandørs med praktiske øvingar. Etter bestått kurs er ein kvalifisert til å leie turar i låglandet på sti og veg, hovudsakleg om sommaren.

Gratulerer til alle våre nye turleiarar!

Deltaking på kurs i regi av BHT

Vi har òg hatt frivillige som har delteke på kurs i regi av BHT, mellom anna:

- 16-timars NF grunnkurs i førstehjelp
- Livredningskurs / årleg livredningsprøve
- Grunnleggjande turleiarkurs
- Skredkurs
- Vinterturleiarkurs

Turleiarssamling

Alle som hadde gjennomført nærturleiar kurs, grunnleggjande turleiar kurs eller sommar- og vinterturleiar kurs, vart inviterte til ei tre timars samling i lokala til Røde Kors 23. september. Målet var fagleg påfyll og diskusjonar rundt rolla som turleiar.

Det vart informert frå styret om aktiviteten i laget, og det vart gjennomført diskusjonar om kva ein turleiarsekk bør innehalde. I tillegg fekk deltakarane ei oppdatering av turrettleiaren, inkludert gruppearbeid, samt øvingar i bruk av kart og kompass.

Marknadsføring/stand

Vi har marknadsført laget både på Kom-deg-ut-dagen i januar og september, og gjennom fleire annonser i lokalavisene – både på papir og digitalt. Dette har vore gjort for å synleggjere spesielle arrangement og for å informere om sesongoppstart i dei ulike gruppene.

Grupper og aktivitetar

Som nemnt har Os Turlag hatt stor aktivitet i 2025. Det er ikkje etablert nye grupper, men nytt av året er både fleire skiturar og eit nytt båltreff på julafta. Bortsett frå to mindre skader på Opptur har det ikkje vore uhell på turar eller arrangement som har kravd legetilsyn.

Seniorgruppa



Kvar tysdag frå januar til ut november går Seniorane på tur. I 2025 stod 35 turar på programmet, og totalt deltok 939 personar. Turen til Krossdalssvingane på Osterøy samla flest deltakarar med 44, tett følgt av Løvstakkstien og avslutningsturen til Geithaugen med høvesvis 41 og 40 deltakarar.

Turane er delte inn etter fargekode: grøn for lett tur, blå for middels og raud for krevjande tur. Nokre turar går utanfor kommunen, men dei fleste er i nærmiljøet. Det var ingen uhell i 2025, og verken førstehjelpsutstyr eller hjartestartar måtte brukast.

Referat og bilete frå alle turane blir publiserte på Facebook-sida til Os Turlag – følg oss gjerne der.

Friskusgruppa

Friskusgruppa gjennomførte 12 turar i 2025 med totalt 73 deltakarar, ein liten auke frå året før. Turane gjekk i Os, Fusa og Fana, og på dei fleste turane var det deltakarar frå begge sider av fjorden. Ingen uhell vart registrerte. Turane går annakvar tysdag kveld i den lyse årstida.



OS-trimmen



Ostrimmen er eit tilbod for dei som vil gå på kveldstid i roleg til middels tempo. Turane går annakvar onsdag i den lyse årstida. I 2025 vart det gjennomført 12 turar – dei fleste i Os, men òg to i Fusa. Totalt deltok 80 personar, og det var ingen uhell.



Fjellsport

Fjellsport (klatring) i Os Turlag arbeider for å skape eit breitt og inkluderande klatremiljø for barn, ungdom og vaksne. All innandørs klatring skjer i klatreveggen i Oshallen på Kuventræ.

- ✓ Tirsdag: open hall (4-15 deltakarar)
- ✓ Tirsdag: dameklatring (4-10 deltakarar)

- ✓ Torsdag: 5-6 klasse / 7-10 klasse (hhv 10 og 14 deltakarar)
- ✓ Søndagar: vaksentrening (8 deltakarar)

Fjellsport har totalt 108 medlemmer registrert på Spond, inkludert 10 frivillige som bidreg med sikring og instruksjon.

I tillegg har turlaget fleire klatrefelt utandørs: Halhjem, Drangsneset og Hegglandsdalen. Aktivitetane vert organiserte gjennom appen Spond.

Rusleturar / Aktiv til 100

På torsdagar arrangerer Os Turlag rusleturar i samarbeid med LHL, også kalla *Aktiv til 100*. Turane varer om lag to timar, går i lett terreng og blir tilpassa ver og føre. Turane starta i februar, avslutta før sommaren i juni og tok opp att i august fram til midten av november. Totalt vart det gjennomført 28 turar i 2025.

Barnas Turlag

Barnas Turlag Os arrangerte tre hytteturar i samarbeid med Bergen og Hordaland Turlag: ein vintertur til Alexander Grieg-hytta og to Halloweenurar til Træet gard. I tillegg vart det gjennomført fleire dagsaktivitetar:



- ✓ Påskeeggjakt
- ✓ Bading og badstove
- ✓ Kajakkur til Kalneset
- ✓ Rafting på Voss
- ✓ Innandørs klatring

Tilbodet er for barn i alderen 5–12 år, og påskeeggjakta var open for alle. Totalt 174 deltakarar på arrangementet.



Turboklubben i Lysefjorden



Turboklubben arrangerte 13 turar i 2025. Turane tek utgangspunkt i opplevingar i nærmiljøet tilpassa årstidene, og blir planlagde etter ver- og føreforhold. Aktivitetane har mellom anna vore:

- ✓ Laga akvarium med fisk og krabber fanga frå brygga
- ✓ padla kano
- ✓ Skiaktivitetar
- ✓ Insektskappløp,
- ✓ laga mat på bål.

På turene har vi hatt alt fra 6 til ca 20 personer, totalt 156 deltakarar.

Turbo Os 10-12 år



Turbo Os er eit fritidstilbod for 5.–7. klassingar. Vi har éin tur i månaden utanom sommarferien. Årets vårprogram omfatta:

- ✓ Skitur i Ervikane
- ✓ Pannekaker på bål ved Knutabrua
- ✓ Sjømat i fjæra i Ervikane
- ✓ Rotur med oselvar til Lysøen
- ✓ Maibad og badstove på Osøyro
- ✓ Sommaravslutning med grilling og padlebrett
- ✓ 12 faste deltakarar

Etter sommaren var det ein ny gjent på 10 faste deltakar som har vore med

- ✓ Blli-kjent i dag i Ervikane
- ✓ Padletur på Tøsdalsvatnet
- ✓ Turorientering i Askvik,
- ✓ Snorkling i mørket i Ervikane
- ✓ Elveekspedisjon i Ervikane
- ✓ Juleavslutning med sjøbad og pizza

DNT Ung intro



Ungdomsgruppa vart starta i 2023 og er for ungdomsskuleelevar. I 2025 hadde gruppa fem aktivitetar med til saman 30 deltakarar. Nokre skiaktivitetar måtte avlysast grunna dårleg vintervær. 5

Årets aktivitetar inkluderte:



- ✓ Vinterbad og badstu i mars med 75 gardar i badstu og 3 grader i sjøen.
- ✓ fisketur til Solrenningen i juni i nydeleg sommarvær og 18 grader rundt midnatt.
- ✓ Rafting på Voss i september.
- ✓ Innandørs klatring hos «Høyt under tak» i oktober
- ✓
- ✓ Året vart avslutta i desember med julebadstu og pizza

Søndagsturar

Det vart gjennomført seks søndagsturar i 2025.

- ✓ Nordre Såta (april)
- ✓ Tysnessåta (planlagt i mai, avlyst pga. vær – sett opp igjen i august 2026)
- ✓ Våganipa (juni)
- ✓ Osviddo (august)
- ✓ «Dra te Salhus» (september)
- ✓ Eikelandsosen – Øyrane – Skjelbreid (oktober)

Totalt deltok 57 personar.



Helgetur

5.–6. april arrangerte Os Turlag vårskitur til Finse for 12 deltakarar. Det vart ei strålande helg med nydeleg vêr, flotte skiturar, mindfulness utandørs og overnatting på Finsehytta:

- ✓ Klemsrunden laurdag, 15 km med rundt 450 høgdemeter i sol
- ✓ Søndagen gjekk turen til Appelsinhytta, som ligg like under Hardangerjøkulen, ein tur på om lag 6 km tur/retur.

Finsehytta er betjent og ligg berre fem minutt frå togstasjonen. Både service og mat heldt høgaste klasse.

Utover nokre gnagsår gjekk turen føre seg utan uhell. Vi håpar å få sett opp fleire skiturar framover.



Vekestur 08.-13. september

Årets vekestur gjekk til Grotli med 62 deltakarar. Kvar dag vart det tilbydd to alternative turmål, leia av turleiarar frå Os og DNT Gudbrandsdalen.

- ✓ **Måndag:** Grotli – Reidalsråket – Nysætra (12 km) eller Kjerringtjørnrunden (8 km) i strålande vêr
- ✓ **Tysdag:** Busstur til Billingen. Éi gruppe gjekk til Føysatjørn (600 høgdemeter), den andre gjekk diktarstien til Jan-Magnus Bruheim. Retur med buss via Gamle Strynefjellsvegen og vidare til Grotli til fots via vraket av eit Henkelfly
- ✓ **Onsdag:** Tur til Bismo og Aursjoen med opplevingar av reinsdyr, store elvar og ulendt terreng
- ✓ **Torsdag:** Kviledag med tur til Lom
- ✓ **Fredag:** Heimreise via Geiranger og Hellesylt

Kvar kveld var det felles middag, quiz og annan underhaldning. Planlegginga av neste års tur er allereie i gang.

Kvar kveld var det felles middag, quiz og anna underhaldning. Planlegginga av neste års tur er allereie godt i gang.





Andre arrangement

Opptur

Opptur kallar vi i Os Turlag «**Vårens vakraste eventyr**», og i år vart arrangementet gjennomført for 18. gong onsdag 7. mai. Opptur er ein nasjonal turdag der alle 8.-klassingane i landet blir inviterte til tur den første onsdagen i mai. Om lag 320 elevar og lærarar frå ungdomsskulane i Os deltok, og dagen baud på nydeleg turvêr.

I 16 år har elevane gått den same, godt merkte løypa. Os Turlag stilte med 24 vakter og tre postar bemanna med helsepersonell. Turen har alltid vore gjennomført utan uhell som har kravd legetilsyn, men i år oppstod to mindre skader – heldigvis av den ufarlege typen.



Arrangementet er gratis for skulane, og planlegginga av Opptur 2026 er allereie godt i gang.

Kom deg ut-dagen 2025:

Lørdag 18.januar

Årets første kdu-dag vart arrangert laurdag 18. januar på Liafjellet, denne gongen kombinert med opning av Friluftslivets år og offisiell opning av Fantasiløypa. Mange små og store tok turen denne dagen – rundt **300 deltakarar**.



Fantasiløypa vart opna med fanfare av musikanten **William Fagertun Skåtøy**, opningsord ved **Jorunn Nytre**, og snorklipping utført av medlemmar frå turlaget. Fantasifigurane i løypa er laga av **Jonas Bratlund-Mæland**. Etter opninga gjekk dei fleste rundturen og besøkte dei seks postane med dei ulike fantasidyra. På kvar post var det ein benk og ein postkasse, og denne dagen las medlemmer frå turlaget ei historie eller song ein song for dei som kom forbi.

Ved **Havreitjørna** var det grilling av pølser og utdeling av saft. Det var òg svært populært at **Turbo-reven** var med på turen.

Parkeringsvaktene organiserte parkering ved Brannstasjonen/Polithuset, Solbakken og ved gamle Halhjemsveg. Totalt **34 frivillige** frå Os Turlag bidrog på arrangementet.

Søndag 25. august



Haustens kdu-dag vart i år arrangert på Øvreeide gard, og vêret viste seg frå si beste side. Rundt **250 små og store** møtte opp denne søndagen. I tillegg til å helse på dyra på garden, kunne deltakarane prøve fuglekassebygging, hesteriding, sykling på trøbilar, pil og boge og Tur-Tip. Alle barna som deltok fekk premie og gratis pølser. **Turboreven** var også med – ein klar favoritt blant dei minste.

Parkeringa var godt organisert, og både parkeringsplassen og markene vart tekne i bruk. Totalt **22 frivillige** frå Os Turlag bidrog til arrangementet.

Dugnad

Høgabu



Os Turlag har i fleire år, på oppdrag frå Bergen og Hordaland Turlag, hatt ansvaret for tilsynet ved **Høgabu turisthytte** i Bergsdalen. I 2025 vart det gjennomført totalt **åtte tilsyn**, inkludert ei stor dugnadshelg 20.–22. juni. På denne helga vart hytta grundig reingjord, det vart gjennomført helikoptertransport av proviant, sengetøy vart bytt, og boss vart frakta ned.

I 2025 vart det òg etablert ei eiga **dugnadsgruppe for Høgabu**, beståande av åtte frivillige frå Os Turlag, som deler oppgåvene mellom seg gjennom året.

Trivselgruppa



Ved utgangen av året bestod Trivselsgruppa av **25 medlemmer**.

I år har vi i hovudsak arbeidd med følgjande oppgåver:

- ✓ Bygging av **Fantasiløypa på Liafjellet**, med figurar, benkar og postkassar med eventyr på seks postar rundt fjellet.
- ✓ Bygging av **klopper over blautmyr** mellom Vetla Lyshornet og Blåheiane.
- ✓ Fornyng av **gamle klopper** på stien opp til Lyshornet.
- ✓ Fjerning av eit nedblåst tre som låg over den lange kloppa på den gamle postvegen på Søfteland.
- ✓ Bidrag med **merking og vakhald** i samband med Opptur.
- ✓ **Rydding langs den gamle Osbanetraseen** frå Søfteland sørover til Framnes. Etter ryddinga vart det lagt grus på utsette stader, slik at det no er ein fin og god sti.
- ✓ Montering av **informasjonstavler** ved kvar tidlegare stasjon langs Osbanen frå Søfteland til Os.
- ✓ Deltaking på **utedag for barn og vaksne med funksjonsnedsetjingar** i Ervikane 15. mai.
- ✓ Vedlikehald rundt **gapahuken ved Knutabruo**: beising av gapahuken utvendig samt bord og benkar innvendig. Den mindre gapahuken nede ved elva vart også beisa.
- ✓ Produksjon og montering av **ein ny benk ved Knutabruo** på vestsida.
- ✓ Bygging av nokre nye og forlenging av gamle **klopper på Liafjellet**.
- ✓ Bidrag på begge **Kom-deg-ut-dagane**.

- ✓ Fjerning av **gangvegen frå parkeringsplassen til Drangebu**.
- ✓ **Rydding av stien langs Ulvenvatnet**.
- ✓ Oppstart av arbeid med å lage **trapp ned Gryteskaret** (mellom Tøsdalsfjellet og Borgafjellet).



Dagsturhytta og gapahukane

Os Turlag har kvar veke tilsyn med dagsturhytta **Borgabuo**, etter avtale med kommunen. Hytta er mykje besøkt, og jamleg tilsyn er viktig for å ta vare på denne perla som ligg som eit smykke på Borgafjellet.

Os Turlag eig òg, og har ansvaret for tilsyn og vedlikehald av, **gapahukane ved Langavatn og Knutabrua**, i tillegg til **Borgly**.

Tusen takk til alle dei frivillige som tek på seg tilsynsoppgåvene og sikrar at desse stadane held god standard.

Bjørnafjordtrimmen

Bjørnafjordtrimmen er eit samarbeid mellom Os og Fusa Turlag og hadde **402 deltakarar** i 2025. Totalt omfatta trimmen **202 turmål**, og det vart registrert over **91 000 innsjekkingar** i løpet av året, nesten ei dobling av antall innsjekk frå året før.

På medlemsmøtet i november vart vinnarane av Bjørnafjordtrimmen kåra gjennom trekning. Premiane var, som tidlegare, **gåvekort i ulike storleikar**.

Overskotet frå konkurransen går til **utbetring av stiar, skilting og anna tilrettelegging** i Bjørnafjorden kommune.

Tryggleik- HMS

Det var to uhell under Opptur i 2025 som kravde legetilsyn.

1.

Éi deltakar fekk problem med kne og ankel på veg over Borgafjellet. Helsepersonell var til stades og la

på forbinding, men konkluderte med at det var nødvendig å ringje **113**. Jenta vart henta med helikopter og frakta til legevakt. Etter undersøkingar der vart ho henta av foreldra og teke med heim.

2.

Ein deltakar fekk problem med ankelen på veg ned mot Borgen. Han fekk hjelp til å kome seg ned, og det viste seg å vere ein forstuing. Det gjekk bra.

Gåver

Os Turlag har fått følgjande gåver i 2025:

- ✓ **Kr 100 000** frå Sparebanken Vest til vedlikehald av stiar, skilting m.m.
- ✓ **Kr 30 000** frå Fana Sparebank til Barnas Turlag
- ✓ **Kr 10 000** i støtte frå kommunen til kdu-dagen og til aktivitetar i Friluftslivets år

Tusen takk for gåvene!

Vi vil òg takke **sponsorane våre**, som gjer det mogleg å trykkje eit programblad som viser aktivitetane våre.


Falk Sport på Amfi er hovudsponsoren vår, og medlemmane får rabatt der. Nokre gongar i året blir det arrangert **medlemsdagar** med ekstra gode tilbod. Desse blir annonserte på nettsida vår og på Facebook.

Os Turlag er bygd på frivilligheit – til glede for mange! Vi meiner at turlaget har mange gode tilbod for alle aldersgrupper, og vi vil rette ei stor takk til alle som stiller opp som leiarar og frivillige. De gjer det mogleg for mange å kome seg ut i naturen, meistre klatreveggen, stå på supbrett, eller få det vesle puffet dei treng når motivasjonen sviktar.

Små og store er alle velkomne til å delta. Følg gjerne med på nettsida vår og Facebook for å sjå kva aktivitetar som blir arrangerte.

Ei stor takk til alle som tek på seg verv og stiller opp for laget – gong etter gong!

Årsregnskap for Os Turlag 2025



Resultatrapport

OS TURLAG
893894802

Regnskapsår: 01.01.2025 - 31.12.2025

Gjelder periode: 01.01.2025 - 31.12.2025

| | Periode | Akkumulert |
|--|--------------------|--------------------|
| Driftsinntekter | | |
| 3100 Viderefakturert gavekort Bjørnafjordtrimmen | 26 636,71 | 26 636,71 |
| 3122 Norsk Tipping grasrotandel | 26 010,92 | 26 010,92 |
| 3200 Salg annonser programbladet | 27 250,00 | 27 250,00 |
| 3400 Div. tilskudd og momskompensasjon | 48 056,00 | 48 056,00 |
| 3920 Medlemskontingenter | 131 502,00 | 131 502,00 |
| 3921 Fri Fond inntekter | 69 890,99 | 69 890,99 |
| 3922 Tilskudd KUD | 11 495,00 | 11 495,00 |
| 3940 Egenandeler | 78 443,92 | 78 443,92 |
| 3942 Mottatte gaver | 153 739,62 | 153 739,62 |
| 3946 Inntekter veksturer | 395 200,00 | 395 200,00 |
| 3951 Tilskudd drift Høgabu/Borgabu | 24 000,00 | 24 000,00 |
| | 992 235,16 | 992 235,16 |
| Driftskostnader | | |
| 6100 Frakt, transport og forsikring | -23 099,98 | -23 099,98 |
| 6300 Leie lokaler | -13 625,00 | -13 625,00 |
| 6440 Leie transportmidler | -6 350,00 | -6 350,00 |
| 6490 Annen leiekostnad | -80 893,99 | -80 893,99 |
| 6545 Datakostnader | -7 043,00 | -7 043,00 |
| 6550 Driftsmaterialer | -163 177,00 | -163 177,00 |
| 6560 Rekvizita | -1 779,00 | -1 779,00 |
| 6570 Arbeidsklær og verneutstyr | -10 179,37 | -10 179,37 |
| 6590 Annet driftsmateriel | -1 120,40 | -1 120,40 |
| 6620 Reparasjon og vedlikehold utstyr | -6 976,00 | -6 976,00 |
| 6700 Revisjons og regnskapshonorarer | -9 095,00 | -9 095,00 |
| 6770 Medisinsk behandling, utstyr etc | -4 318,34 | -4 318,34 |
| 6800 Kontorrekvisita (Res) | -4 617,40 | -4 617,40 |
| 6810 Datakostnad | -835,72 | -835,72 |
| 6820 Trykksaker | -13 302,63 | -13 302,63 |
| 6860 Møter, kurs, oppdatering etc. | -84 923,83 | -84 923,83 |
| 6861 Kom deg ut dagen | -22 301,10 | -22 301,10 |
| 6890 Annen kontorkostnad | 8,70 | 8,70 |
| 7140 Reisekostnader, ikke oppgavepliktig | -7 881,87 | -7 881,87 |
| 7141 Utlegg og kostnader veksturer | -387 691,76 | -387 691,76 |
| 7142 Kostnader aktiviteter for medlemmer | -33 270,00 | -33 270,00 |
| 7143 Kostnader kom deg ut dagen | -12 460,80 | -12 460,80 |
| 7144 Utlegg Bjørnafjordtrimmen | -26 636,71 | -26 636,71 |
| 7162 Bevertning | -45 976,59 | -45 976,59 |
| 7320 Reklamekostnader | -6 906,00 | -6 906,00 |
| 7395 Øreavrounding | 0,29 | 0,29 |
| 7420 Gaver, fradragsberettigede | -7 558,80 | -7 558,80 |
| 7500 Forsikringspremier | -1 306,00 | -1 306,00 |
| 7770 Bank og kortgebyrer | -5 646,33 | -5 646,33 |
| 7798 Annen kostnad, fradragsberettiget | -1 237,68 | -1 237,68 |
| | -990 201,31 | -990 201,31 |
| Driftsresultat | 2 033,85 | 2 033,85 |
| Finansielle poster | | |
| 8050 Annen renteinntekt | 20 073,00 | 20 073,00 |
| Ordinært resultat før skatt | 22 106,85 | 22 106,85 |
| Ordinært resultat | 22 106,85 | 22 106,85 |
| Årsresultat | 22 106,85 | 22 106,85 |

Balanserapport

OS TURLAG
893894802

Regnskapsår 01.01.2025 - 31.12.2025

Gjelder periode: 01.01.2025 - 31.12.2025

Periode fg år 01.01.2024 - 31.12.2024

| | Ved periodens start | Endring | Ved periodens slutt | Periode fg år |
|---|---------------------|--------------------|----------------------|--------------------|
| EIENDELER | | | | |
| Omløpsmidler | | | | |
| 1500 Kundefordringer | 0,00 | 1 250,00 | 1 250,00 | 0,00 |
| 1920 Sparebanken Vest driftskonto 3631.07.02603 | 882 438,52 | -459 857,42 | 422 581,10 | 882 438,52 |
| 1921 Sparebanken Vest Klatregruppen 3633.55.78001 | 38 886,65 | -38 886,65 | 0,00 | 38 886,65 |
| 1922 Sparebanken Vest vekestur 3626.61.19709 | 17 491,76 | 5 693,24 | 23 185,00 | 17 491,76 |
| 1923 Sparekonto SPV 3626.62.50325 | 0,00 | 620 073,00 | 620 073,00 | 0,00 |
| | 938 816,93 | 128 272,17 | 1 067 089,10 | 938 816,93 |
| SUM EIENDELER | 938 816,93 | 128 272,17 | 1 067 089,10 | 938 816,93 |
| EGENKAPITAL OG GJELD | | | | |
| Egenkapital | | | | |
| Egenkapital (innskutt og opptjent) | | | | |
| 2050 Annen egenkapital | -795 370,91 | 0,00 | -795 370,91 | -795 370,91 |
| Udisponert resultat | | | | |
| Udisponert resultat | 0,00 | -24 966,85 | -24 966,85 | 0,00 |
| Sum egenkapital (inkl, udisp. resultat) | -795 370,91 | -24 966,85 | -820 337,76 | -795 370,91 |
| Gjeld | | | | |
| Avsetning forpliktelser | | | | |
| 2180 Andre avsetninger | -120 000,00 | -82 141,00 | -202 141,00 | -120 000,00 |
| Kortsiktig gjeld | | | | |
| 2400 Leverandørgjeld | -23 446,02 | 18 124,62 | -5 321,40 | -23 446,02 |
| 2901 Innbetalt forskudd for egenandel 2026 | 0,00 | -39 288,94 | -39 288,94 | 0,00 |
| | -23 446,02 | -21 164,32 | -44 610,34 | -23 446,02 |
| Sum gjeld | -143 446,02 | -103 305,32 | -246 751,34 | -143 446,02 |
| SUM EGENKAPITAL OG GJELD | -938 816,93 | -128 272,17 | -1 067 089,10 | -938 816,93 |
| Saldo | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 |

Magne Brekke
P.b. 385
5203 Os

Til styret i Os Turlag

Uttalelse om revisjon av årsregnskapet for 2025

Jeg har revidert Os Turlag sitt årsregnskap for 2025 som består av resultatregnskap for regnskapsåret 2025, samt balansen per 31.12.2025. Regnskapet viser et overskudd på kr. 24.997.

Jeg har gjennomført de revisjonshandlinger som jeg har ansett nødvendige for å bekrefte at regnskapet ikke inneholder vesentlige feil eller mangler.

Regnskapet gir etter min mening et riktig bilde av resultatet for regnskapsåret og lagets økonomiske stilling per 31.12.2025.

Os, 18. januar 2026



Magne Brekke
Revisor

Styret i Os Turlag 2025

Inger Øydis Storebø

Inger Øydis Storebø

Anne Veim Haugland

Anne Veim Haugland

Jan Erik Bugge

Jan Erik Bugge

Hallgjerd Boge

Hallgjerd Boge

Øystein Hjelle

Øystein Hjelle

LINDA LOHNE

Arne Monsen

Linda Lohne

Linda Lohne*

Grethe Flåten Steinum

Grethe Flåten Steinum